

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Kvam	FA - F01, TI - &70	17/577

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2017	Utval for levekår	PS	21.03.2017

Orientering - Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne

Vedlegg:

Mandat - Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det har over tid vore ei utfordring å rekruttere og behalde kompetent personell i teneste knytt opp mot tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne. Nyleg avslutta tilsyn frå Fylkesmannen viser og at tenestene til målgruppa er sårbare ved fråvere av fast personell.

I tillegg har det frå 01.01.17 kome ny [Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten](#) med føremål om mellom anna å bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester og kvalitetsforbetring.

Vurdering

Rådmann etablerer no «Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne» (vedlegg). Føremålet er at prosjektgruppa skal vurdere om noverande organisering av tenesta til målgruppa er føremålstenleg i høve lovkrav, samt sikre forsvarleg og kompetent bemanning.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Rådmann etablerer Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek informasjon om oppstart av «Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for

tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne» til vitande.

Utval for levekår tek informasjon om oppstart av prosjektet "Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting for menneske med nedsett funksjonsevne" til vitande, og ynskjer å be prosjektet ta med seg fylgjande innspel:

- Ein må sjå nøye på årsakene til at bemanninga har vore ustabil. Har oppfølging av tilsette vore god nok?
- Utvalet vil be prosjektet vurderer om det bør vera med ein tilsett som arbeider med den aktuelle målgruppa.

Utval for levekår - 22/2017

ULK - behandling:

Endringsframlegget frå Stian Lavik (KrF) vart samrøystes vedteke.

ULK - vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om oppstart av prosjektet "Prosjekt stabil og forsvarleg bemanning for tenesteyting for menneske med nedsett funksjonsevne" til vitande, og ynskjer å be prosjektet ta med seg fylgjande innspel:

- Ein må sjå nøye på årsakene til at bemanninga har vore ustabil. Har oppfølging av tilsette vore god nok?
- Utvalet vil be prosjektet vurderer om det bør vera med ein tilsett som arbeider med den aktuelle målgruppa.»